

SKJØTSELSPLAN FOR FINNABOTNEN I STØLSHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport nr. 4 – 2003

ISBN 82-91031-62-2 ISSN 0803-1886

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan helse-, sosial- og familiesektoren, miljøvern, landbruk, bygdeutvikling, rettstryggleik, utdanning, oppvekst og sivil beredskap. Statens helsetilsyn i Sogn og Fjordane sin funksjon når det gjeld tilsyn med helsetenesta og helsepersonell er også lagt til embetet. Fylkesmannsembetet har om lag 115 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Tinghus III, Skrivarvegen 3, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Skrivarvegen 3, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Hafstadvegen 48, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: postmottak@fm-sf.stat.no

Internett: <http://www.fylkesmannen.no/sfj>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 4-2003

Forfatter Fjelloppsyn Nils Kvamme og rådgivar Tom Dybwad	Dato oktober 2003
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetal 40
Tittel Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde	<i>ISBN 82-91031-62-2</i> <i>ISSN 0803-1886</i>
Geografisk område Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde, i Vik kommune	Fagområde Naturvern, kulturlandskap, botanikk, geologi m.fl.
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
<p><i>Samandrag</i></p> <p>Skjøtselsplan for Finnabotnen er utarbeidd etter framlegg i «Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde» (1998) og etter ynskje frå grunneigarane.</p> <p>Skjøtselsplanen byggjer på verneforskrifta og forvaltningsplanen, og vil i enkelte høve krevja dispensasjon frå verneforskrifta.</p> <p>Målet med skjøtselsplanen er vidareføring av formålet med Stølsheimen landskapsvernområde: «... å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske innngrep ...».</p> <p>Planen skal vera ein arbeidsreidskap i planlegging og gjennomføring av skjøtselsarbeidet.</p> <p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for den delen av Stølsheimen landskapsvernområde som ligg i Sogn og Fjordane fylke, difor også for Finnabotnen.</p> <p>Skjøtselsarbeidet vil i oppstartsfasen vera økonomisk avhengig av tilførte midlar, egne eller som offentleg tilskot. Eit mål for utviklinga i Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrifta og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk dekning for eller bidrag til skjøtselsarbeidet.</p>	
Emneord 1. Naturvern 2. Kulturlandlandskap 3. Bruk og vern 4. Botanikk	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Framsidedfoto:

Øvst til venstre og til høgre: Nils Kvamme

Nedst til venstre: Tom Dybwad



Finnabotn ca. 1950 (fotograf ukjent)

Forord

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde (1990) står det at det kan utarbeidast skjøtselsplan for området med retningsliner for gjennomføring av arbeidet.

Det er utarbeida forvaltningsplan for landskapsvernområdet (1998) som tek til orde for utarbeiding av skjøtselsplan og igangsetjing av skjøtselstiltak i m.a. Finnabotnen. I samband med eigarskifte på eitt av dei to bruka på garden Finnabotnen vart det framsett ynskje om ein plan for ivaretaking av kulturlandskapet i Finnabotnen.

Arbeidet med skjøtselsplanen tok til med eit brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 14.02.01 til grunneigarane, kommunen, fylkeskommunen, bondelaget, høgskulen, turlaga, Naturvernforbundet og rådgjevande utval. Eit framlegg til skjøtselsplan vart sendt på høyring 17.12.2002 til 41 høyringsinstansar, med svarfrist 01.03.2003. 7 av høyringsinstansane gav skriftleg svar tilbake, deriblant grunneigarane. Dei innkomne merknadene vart diskutert med grunneigarane i møte juni 2003.

Skjøtselsplanen ligg innafor rammene som er lagt i vedteken verneforskrift og godkjend forvaltningsplan (1998).

Fjellopsyn Nils Kvamme har skrive skjøtselsplanen i samråd med rådgivar Tom Dybwad hos fylkesmannen.

Fylkesmannen tek sikte på at skjøtselsplanen vil vera gjeldande i 10 år.

Vi gjer merksam på at vi i teksten har vald å nytte namna Finnabotnen og Finnen slik det framgår av kartblad Balestrand (kartblad 1317 III i M711 Norge 1 : 50 000). Statens namnekonsulent gjorde 5.06.2003 vedtak om at namna Finnabotnen (subsidiært Fidnabotnen) og Finnen (subsidiært Fidnen) skal gjelda. Desse namna er no til klagehandsaming i Kulturdepartementet.

Leikanger oktober 2003

Nils Erling Yndesdal
(sign.)
fylkesmiljøvernssjef

**SKJØTSELSPLAN FOR
FINNABOTNEN
I STØLSHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

INNHALD:

1. Samandrag	<u>7</u>
2. Innleiing	<u>8</u>
3. Stølsheimen landskapsvernområde	<u>8</u>
3.1. Verneverdiar og formål	8
3.2. Forvaltning	9
3.3. Forvaltningsplan	9
3.4. Skjøtselsplan	9
3.5. Vernereglar	12
4. Skildring av området	<u>13</u>
4.1. Generelt	13
4.2. Kart med sentrale namn i planområdet	14
4.3. Avgrensing av planområdet	15
4.4. Ulike element i kulturlandskapet - delområde	15
5. Skjøtselsplan for delområda	<u>17</u>
5.1. Dei ulike delområda	18
A Finnabotnen	18
B Vetle- og Storeflåten	20
C Ytreflåten - Granden	22
D Heimastølen	24
E Andre område	26
5.2. Rettleiande arbeidsplan	27
6. Tilrettelegging for besøkande/enkel turisme	<u>28</u>
7. Økonomiske verkemiddel	<u>31</u>
8. Litteraturliste	<u>32</u>
Vedlegg 1: Avgrensa artsliste for Vetleflåten, Storeflåten og Ytreflåten	<u>33</u>
Vedlegg 2: Verneforskrift for Stølsheimen Landskapsvernområde	<u>36</u>

1. Samandrag

Skjøtselsplan for Finnabotnen blir utarbeida etter framlegg i «Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde» (1998) og etter ynskje frå grunneigarane. Grunneigarane på bruk nr. 1 flytta til Finnabotnen i 2002 etter at gardane her hadde vore fråflytta sidan 1967.

Skjøtselsplanen byggjer på verneforskrifta og forvaltningsplanen, og vil i enkelte høve krevja dispensasjon frå verneforskrifta.

Målet med skjøtselsplanen er vidareføring av formålet med Stølsheimen landskapsvernområde:

«... å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske innngrep ...».

Planen skal vera ein arbeidsreidskap i planlegging og gjennomføring av skjøtselsarbeidet, som gjeld m.a. rydding, beiting, restaurering av bygningar, tilrettelegging og kanalisering av ferdsel og turisme.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for den delen av landskapsvernområdet som ligg i Sogn og Fjordane fylke, difor også for Finnabotnen.

Skjøtselsarbeidet vil i oppstartsfasen vera økonomisk avhengig av tilførte midlar, eigne eller som offentleg tilskot. Eit mål for utviklinga i Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrifta og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk dekning for eller bidrag til skjøtselsarbeidet.



Finnabotnen har særlege naturkvalitetar som ein med landskapsvernområdet og tilhøyrande forvaltningsplan og skjøtselsplan vil taka vare på for ettertida.

Foto: Tom Dybwad

2. Innleiing

Stølsheimen landskapsvernområde vart vedteke ved Kronsprinsregentens resolusjon i Regjeringa 21. desember 1990.

Den gradvise reduksjonen av urørt natur i Noreg var bakgrunnen for utarbeidinga av "Ny landsplan for nasjonalparkar" (NOU 1986:13) der Stølsheimen var eitt av områda som var tilrådd å sikre for ettertida. Det hadde då heilt sidan 1960 vore arbeidd med ulike planar for vern av ein større eller mindre del av dette området, men først i 1988 vart det endelege verneframlegget sendt på lokal høyring.

Området som vert kalla Stølsheimen, strekkjer seg i vid tyding frå Eksingedalen og Myrkdalen i sør til Sognefjorden i nord, frå Risnefjorden i vest til Vikafjellsvegen i aust. Verneområdet utgjer den sentrale delen, som er mest nytta i friluftssamanheng og minst påverka av kraftutbygging. Stølsheimen landskapsvernområde ligg i kommunane Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane og Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland. Det har eit areal på 367 km² og er eit av dei største verneområda utan tilknytning til nasjonalpark i Noreg. Heile landskapsvernområdet er privat grunn.

Arbeidet med ein forvaltningsplan starta i 1995, og planen vart godkjend av Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland i 1998 etter ein omfattande høyringsprosess.

Grunneigarane på Finnen har i 2002 vendt seg til Fylkesmannen med førespurnad om å utvide landskapsvernområdet med hele Finnafjorden. Fylkesmannen sende ut eit brev med melding om oppstart av planarbeidet 28.04.2003. Ved ei eventuell utviding av landskapsvernområdet i Finnafjorden er det naturleg at denne skjøtselsplanen blir sett i samanheng med utvidingsområdet.

3. Stølsheimen landskapsvernområde

3.1 Verneverdiar og formål

Formålet med Stølsheimen landskapsvernområde er "å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske" (verneforskrifta pkt. III).

Det særigne for verneområdet er den store variasjonen i natur- og kulturkvalitetar over eit stort areal med inngrepfri natur. Overgangen frå fjord til fjell, frå grøderik fylitt til hard gneis, mange vatn, lange elvar og høge fossar, mange gamle stølar og kulturminne gjev tilsaman ei rik naturoppleving. Området har eit rikt fugle- og dyreliv med m.a. eiga villreinstamme.

Kulturlandskapet i Finnabotnen er eit synleg bevis på tidlegare tiders driftsformer. Med dagens endring av jordbrukslandskapet rundt oss ser vi meir og meir verdien av dette gamle kulturlandskapet utan store inngrep frå ei anna tid. Gjennom 35 år utan drift må ein no gå inn med ressursar for å hindra at restane av dette kulturlandskapet vert borte for alltid. Målet med denne planen er å medverke til å ta vare på kulturlandskapet i Finnabotnen så langt som mogleg gjennom forsvarleg og effektiv bruk av dei ressursane grunneigarane og fylkesmannen rår over.

3.2 Forvaltning

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for den delen av landskapsvernområdet som ligg i sitt fylke, og er ansvarleg for planlegging og handsaming av saker etter verneforskrifta, samt oppsyn og informasjon i området.

Eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet er samansett av ein representant frå kvar av kommunane med areal i området (Høyanger, Vik, Modalen, Vaksdal og Voss), ein representant frå grunneigarane i Hordaland og ein frå grunneigarane i Sogn og Fjordane, ein frå turlaga (Bergen turlag og Voss utferdslag), ein representant frå Naturvernforbundet og ein frå Villreinutvalet/Villreinnemnda for Fjellheimen villreinområde. Utvalet møtast ein gong i året, og gir råd om forvaltninga av verneområdet på bakgrunn av handsaming av aktuelle saker og anna informasjon frå området.

3.3 Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde som vart godkjend i mars 1998, skal vera eit praktisk hjelpemiddel i arbeidet med fremjing av verneføremålet. Tiltaka i planen ligg innanfor dei restriksjonane verneforskrifta set, og det forvaltningsstyresmakta iflg. verneforskrifta kan gi løyve til.

Planen plasserer heile landskapsvernområdet i såkalla «brukssone»; ein av fire sonekategoriar brukt i forvaltning av større verneområde (DN-rapport 1996-3, Forvaltning av nasjonalparker):

1. Spesiell vernesone
2. Sone utan tilrettelegging og inngrep
3. Brukssone
4. Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep

I planen er det som aktuelle tiltak føreslege å

- ”1. I samråd med lokalmiljøet, kommunen og kulturseksjonen hjå fylkeskommunen utarbeide skjøtselsplanar for å følgje opp dei prioriterte områda i dei kommunevise kulturlandskapsregistreringane; Findebotten,*
- 2. Arbeide for å kanalisere tilskot til jordbruksdrift som fremjar det tradisjonelle kulturlandskapet. Spesielt er dette aktuelt i Findebotten.»*

3.4 Skjøtselsplan

Verneforskrifta gir i punkt VIII opning for igangsetjing av skjøtselstiltak som fremjar føremålet med vernet, samt utarbeiding av skjøtselsplan for området med retningsliner for gjennomføring av arbeidet.

Plan for skjøtsel av kulturlandskapet i Finnabotnen er utarbeidd i tråd med verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, samt forvaltningsplanen for området. Grunneigarane i Finnabotnen har fremja ynskje om utarbeiding av planen.

Kulturlandskapet er eit produkt av ei spesiell driftsform. Når driftsforma opphøyrer vil kulturlandskapet over tid endra seg, og t.d. gro att til skog. Dette kan førebyggjast med

skjøtsel, som erstatning for tradisjonell drift. Med god kunnskap om skjøtsel og tidlegare tiders arbeidsformer, samt ein plan for arbeidet, kan det takast vare på strukturen i kulturlandskapet, typisk og rik vegetasjon, sjeldne plante- og dyreartar samt kulturminne. Riktig skjøtta kulturlandskap kan brukast til produksjon, rekreasjon, undervisning og forskning.

Fleire av kulturmarkene i Finnabotnen er på god veg til attgroing med skog eller har på andre måtar utvikla seg bort frå det opphavelige kulturlandskapet. Dei må difor restaurerast eller tilbakeførast før ein kan ta til med skjøtsel.

Restaurering av landskapet vil oftast vera einstyddande med skogsrydding. Det er no meir enn 30 år sidan det var jordbruksdrift og husdyr i Finnabotnen, og særleg dei siste 10 åra har skogen teke over fleire av beite- og slåttemarkene. Den tradisjonelle slåtteenga hadde eit teppe av urter og gras som hindra skog og busker å spira. Dette løyser seg opp i løpet av 20 til 50 år. Haustingskrogen har vokse seg for stor, og mykje planta skog (gran) er snart hogstmoden.

Restaurering av bygningar kan gjerast ved naudsynte reparasjonar og tilbakeføring til tidlegare byggjestil. Mange bygningar treng omfattande utbetring, og ein del av dei kan samstundes førast attende til meir original stil.

Vegar, murar og steingardar er viktige element i kulturlandskapet og treng dels restaurering i form av rydding og oppattbygging.

Skjøtelsplanen er rettleiande og har rom for endringar undervegs ettersom røynslar og tilhøva tilseier. Det er ynskjeleg at planen blir revidert seinast etter ti år. Forvaltningsstyresmakta vil fylgja framgangen i arbeidet og bruka desse røynslene ved liknande arbeid i andre område. Den landbruksfaglege delen av arbeidet blir omtala der det er naudsynt for gjennomføringa av arbeidet og for å oppnå riktig resultat.

Forvaltningsstyresmakta og Vik kommune forutset at Finnabotnen også kan nyttast som friområde til rekreasjon etter gjeldande reglar. På innmark vil folk bli vist til fastlagt teltplass og gangveggar som fører til utmarka.

Planen tek omsyn til fast busetnad i landskapsvernområdet. Planen tek ikkje omsyn til eigedomsgransene mellom dei to bruka.

For å ivareta kvalitetane i kulturlandskapet gjennom skjøtsel er det sjølvstøtt berre den originale driftsforma med allsidig husdyrhald som kan gi den same botaniske samansetjinga og det same tilhøvet mellom skog og grasmark. Husdyrhald er ein bunden levemåte som dagens eigarar av Finnabotnen ikkje har budd seg på. Det gjeld også eigarane av bruk nr. 1 då dei flytta til Finnabotnen i 2002. Eigarane av bruk nr. 1 såg likevel ikkje heilt bort frå at det kunne vere aktuelt med noko husdyrhald, iallfall i mindre omfang. Framlegget til skjøtelsplan baserte seg difor på gjennomføring utan husdyrhald, slik at det som evt utvikla seg undervegs ville vera eit positivt tillegg til skjøtelsarbeidet.

På bakgrunn av innspelet til framlegget til skjøtelsplan om behovet husdyr og beiting har eigarane av bruk nr. 1 i Finnabotn kjøpt inn 2 hestar i 2003, og bestilt 20 kashmirgeiter og 2 kashmirbukkar i 2004. Geitene og bukkene vil gå ute (innmark og utmark) heile året, og

økonomisk sett er formålet ull- og kjøtprodukskjon. Dyra vil bli fora dagleg på ein fast foringsstad.

Med husdyrhald må trongen for gjerdehald takast opp nærare. I utgangspunktet er det naturleg at husdyra beiter utanfor innmark og slåttemark og at "bøgarden" blir halden i stand med netting og heimelaga staur. Meir intens beiting kan gjennomførast med midlertidig oppsett straumgjerde.

Dei innkomne merknadene frå høyringa av framlegg til skjøtselsplan er diskuterte med grunneigarane i møte i juni 2003. Særleg merknadene som gjekk på graden av husdyrhald er vurderte som viktige. Ressurstilgangen til planarbeidet og skjøtselsarbeidet er avgrensa, noko som gjer at ein ikkje kan gå så langt som ønskjeleg, fagleg som praktisk. Det er viktig for kulturlandskapet i Finnabotnen at enkelte restaureringstiltak skjer innan rimeleg tid for å unngå at viktige verdier og element går tapt. Samstundes må ein ha eit langsiktig perspektiv fordi ikkje alt kan gjerast "med ein gong".

Skjøtselsarbeidet vil i oppstartsfasen vera økonomisk avhengig av tilførte midlar, eigne eller som offentleg tilskot. Eit mål for utviklinga i Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrifta og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk dekning for eller bidrag til skjøtselsarbeidet.



Gardstunet i Finnabotnen sett frå vegen opp til Vetleflåten. (Foto Tom Dybwad)

3.5. Vernereglar

I landskapsvernområdet er alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter forbode, så som oppføring av bygningar, anlegg og fast innretningar m.m. (verneforskrifta pkt. IV,1). Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg og bygningar (med tradisjonelle materialar) er tillate. Verneforskrifta pkt. V, 6). Gjødsling og manuell rydding av stølsbøer er også tillate (verneforskrifta pkt. V, 8) Oppdyrking eller endring i den naturlege samansetnaden av treslag ved skogkultur er forbode. Snauhogst er berre tillate i samråd med forvaltningsstyresmakta (verneforskrifta pkt. IV, 2). Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til endring av driftsformer i landbruket som kan få vesentleg innverknad på landskapet sin art eller karakter, slik som nydyrking og oppføring av nye stølsanlegg m.v. (verneforskrifta pkt. VI, 1). Sjølv om motorferdsle er forbode i landskapsvernområdet (verneforskrifta pkt. IV, 4), er motorbåt på Finnafjorden tillate (verneforskrifta pkt. V, 3). Det same gjeld motorferdsle i samband med naudsynt transport i jord- og skogbruksverksemd (verneforskrifta pkt. V, 2).

I praksis inneber dette at hus og innmark i Finnabotnen kan vedlikehaldast og drivast. Motorferdsel på innmark og slåttemark er tillate i samband med jordbruket; det same gjeld for godkjend hogst av skog, t.d. hogst av granfeltet (delområde E).

Nye byggetiltak og inngrep må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta på førehand, og det same gjeld motorferdsel til andre stader enn innmark/slåttemark. Det må også søkjast om dispensasjon frå verneforskrifta til tiltak og inngrep som er omtala i denne skjøtselsplanen dersom løyve er naudsynt i høve til vernereglane.

Fylkesmannen har også gjeve løyve til bruk av luftputebåt på Finnafjorden når fjorden er islagt (kan brukast utan særskilt løyve elles).



*Naudsynte og gode motoriserte hjelpemidlar i Finnabotnen: 4-hjulsmotorsykkkel/traktor og motorbåt.
(Foto Tom Dybwad)*

4. Skildring av området

4.1 Generelt

Finnabotnen er gardsnamnet for dei to bruka (gardsnr 67 med bruksnr 1 og 2) ved enden av Finnafjorden, ein arm av Sognefjorden. Finnabotnen ligg i Vik kommune og er dekkja av kartblada 1317-III i serien M-711 og av dei økonomiske kartblada AP-071-5-2 og AP-071-5-4 samt andre spesialkart; - turkartet Stølsheimen-Nærøyfjorden og turkart for Vik.

Grunneigarane på bruk nr. 1 flytta til Finnabotnen i 2002 etter at dei 2 gardane her hadde vore fråflytta sidan 1967. Eigarane av bruk nr. 2 nyttar garden som feriestad.

Geografisk er Finnabotnen vanskeleg tilgjengeleg samanlikna med andre buplassar langs Sognefjorden. Fjellsidene er omlag 800m høge og svært bratte. Hovudvegen er fjorden, -med båt frå Stølsneset i Arnafjord langs Sognefjordens sørside inn Finnafjorden gjennom Straumen, som nesten deler Finnafjorden i to og inn til Finnabotn. Pga isproblem om vinteren innafor Finnen nyttar dei fastbuande på bruk nr. 1 luftputebåt då. Ellers er det gangsti langs fjorden til/frå Finnen, stølsveg til fjellstølen Fagerdalen og hjorterekkje via Utfjørene til Tolknivsbøtn/Botnanonnipi. I periodar om vinteren med is på fjorden kan alle desse vegane vera stengde. Utsynet frå Finnabotnen er avgrensa til høge fjell i alle himmelretningar.

Garden vart delt i to like partar i 1886. Desse vart rekna som relativt gode gardar. Det var ei tid to husmannsplassar under gardsbruka. Kulturlandskapet vitnar om intensiv bruk av området med slåtteteigar i utmarka og ei mengde styvingstre.


Den nordlege delen av garden er særdeles varm og gir grobotn for mange urtetypar og edellauskog. Eit problem var den geografiske avstengninga om vinteren med dels islagd fjord. Sola er vekke frå garden i tida 23. september til 23. mars (ca. ½ år!). Men ein fin sommarmorgon er dette ein av dei stillaste og finaste delane av Sognefjorden. Alle desse tilhøva i lag gjer Finnabotnen til den særmerkte plassen den er.

Ikkje alle brukarane på garden fann seg til rette med det innestengde tilveret, og vanskeleg tilkomst til området vart ein bremsande effekt for utviklinga. Dette hindra ei framtidig satsing slik ein opplevde på andre meir lett tilgjengelege gardar, t.d. på nabogarden Finnen.

Driftsmåtane som skapte kulturlandskapet i Finnabotnen vart meir og mindre brukt uendra fram til gardsdrifta opphøyde i 1967. Sidan det ikkje var bilveg til Finnabotnen, vart området liggjande urørt dei neste 35 åra fram til i dag, ei tid då vegbygging og utvikling av bilismen har påverka landskap og folk i svært stor grad elles i landet.

Kulturlandskapet i Finnabotnen vart då ikkje stelt, bortsett frå sporadisk bruk av marka til beite for sau og geit. Medan dei aller fleste andre gardar utover frå 1970-talet vart planert, grøfta, nydyrka og fekk nye og meir intensive driftsformer, vart kulturlandskapet i Finnabotnen liggjande som det var etter at drifta opphøyde.

4.2 Sentrale namn i planområdet (etter Anna Findebotten)



4.3 Avgrensing av planområdet

Finnabotnen har gardsnr. 67 med bruksnr. 1 og 2. Disse grensar til gardsnr. 68 (Finnen); på nordsida av fjorden midt på Vetlehovden, og på sørsida i fyrste elva på Utfjørene. Dette er yttergrensene for planområdet. Det er lagt mest vekt på nærområdet til kaien og husa, då ein her finn det mest konsentrerte kulturlandskapet. For å fanga inn heilskapen i området er det teke med delar av andre kulturmarkstypar plassert rundt om på garden. Dette samsvarar godt med den naturlege oppdelinga kulturlandskapet hadde den gong det var i aktiv bruk og det framhevar det typiske for planområdet. Ingen marine aktivitetar er med i skjøtselsplanen.

4.4 Ulike element i kulturlandskapet - delområde

Planområdet som ei eining er for stort til at det kan skjøttast effektivt med dei tilgjengelege ressursane og den tiltenkte driftsmåten. Det blir difor delt inn i delområde som kvar for seg får tildels ulik grad av skjøtsel. Til dømes er delområde C einaste staden der ein finn styvingsstre i grupper, og kun i område B finn ein dei små åker- eller slåtteteigane.

Ein del areal innan planområdet er ikkje med i planen. Dette bør likevel nyttast på ein måte som tener skjøtselsarbeidet og heilskapen i området.

Delområda dekkjer tilsaman det mest brukte arealet i Finnabotn:

- A. Finnabotnen
- B. Vetle- og Storeflåten
- C. Ytreflåten - Granden
- D. Heimastølen
- E. Andre område

Delområde A vil bli prioritert med omsyn til bruk av ressursar. Innan kvart delområde vil det vera ulike landskapselement som kvar for seg eller saman utgjer kulturlandskapet.

Dei ulike elementa i denne planen er: *bygningar, slåttemark, hagemark, annan kulturmark (haustingstre, skog m.m.) og tekniske anlegg.*

Målsetjingar innan desse gruppene er:

Bygningar: Dei skal haldast vedlike minst på dagens nivå. Ytre sett skal dei halda dagens stil eller førast attende til tidlegare tider ut frå dokumentasjon. Funksjonsmessig blir det ikkje sett krav, bortsett frå vårfjøsen og selet på heimastølen som bør ha sin opphavelege utforming også inne. Forandringar på bygningane bør skje på vestsida; slik at biletet/utsjånaden frå fjorden ikkje blir vesentleg endra.

Slåttemark: All slåttemark innan planområdet skal haldast minst like open som i dag. Det bør i delområde A søkjast å oppnå ein flora som er typisk for natureng; høgt innhald av urter og rikt arts mangfold (min 20 arter pr m²). Det må skiljast mellom den sørlege og den nordlege delen av garden. På sørsida er det lite sol og vanskeleg for urter å etablere seg. Nordsida derimot er svært varm.

Hagemark: Her skal kombinasjonen av skog og beite/slått ivaretakast. Det kan her vera haustingsskog eller annan vaksen skog (bjørk).

Anna kulturmark: Dette femnar om haustingsskog som kan haldast produktiv og gradvis fornyast, t.d. alm/bjørk for lauving og hasselrunnar for virkeproduksjon.

Tekniske anlegg: vegar, bruer, steinmurar, steingardar, kai, linestreng m.m. Vanleg vedlikehald som ivaretek opphavelig funksjon og stil. Vegbreidde- og dimensjon må ikkje endrast vesentleg. Kaien blir nybygd for å tilfredsstilla dagens krav. Alle konstruksjonar i stein må vedlikehaldast etter skader påført under skjøtselsarbeid.

Landskapet skal restaurerast til det som ein i dag kan sjå tydeleg eller som spor. Basis er gardsdrifta rundt 1950 - 1960. Ved eventuell oppføring av bygningar må ikkje landskapsbiletet endrast vesentleg.

Maskiner til skjøtsel skal vera eigna til arbeidet og ikkje endra landskapet sin karakter. I Finnabotnen er fire- eller sekshjuls motorsykel med vinsj godt eigna til arbeid i kultur-landskapet. Denne treng liten plass og lagar lite spor i terrenget, og finst i Finnabotnen i dag.

Motorferdsel bør avgrensast til det naudsynte, og skal ikkje skje i utmark utan løyve.

Til vanleg slått i restaurert eng er ljà eller motorslåmaskin best eigna. Som hovudregel skal dei ynskte plantene skjerast av med knivliknande reidskap (ljå, slåmaskin, ryddesag med kvass kniv), og dei plantetypene ein ynskjer å fjerna bør rivast av (ryddesag med nylontråd, beitepussar) eller knekkast ned med t.d. ein tynn pinne.

Stein som har kome til i seinare tid frå snøras eller steinsprang kan fjernast frå innmark. Jordfast stein og rydningsrøyser vert liggjande.

Rydding av skog skjer best om vinteren når skogen er utan lauv. Rydding av småskog/nyrenningar gjer ein best om sommaren, då tek ein mest næring ut av rotsystemet. Vanleg motorsag og motorryddesag er godt eigna. Kvist og trevirke må kappast i høvelege leier og samlast i haug for brenning eller rotning.

Husdyrbeiting: Innkjøp av husdyr (2 hestar (i 2003), 20 kashmirgeiter og 2 kashmirbukkar (i 2004)) vil gjere skjøtselsarbeidet med å opne vegetasjonen og restaurere og hindre attgroing av innmark og utmark lettare. I denne skjøtselsplanen vil ikkje beitinga bli systematisk spesifisert for kvart delområde. Beitinga vil vere viktig alle stader, og vil supplere/erstatte slått og medverke til å vedlikehalde det ein oppnår ved å rydde krattskog.

Arbeid som er sett i gang: Frå hausten 2002 vart det gjennomført arbeid i planområdet der ein nyttar gravemaskin på 8 tonn. Det er gjeve løyve til fylgjande, som stort sett er utført (2003):

1. Graving av grøft for vassleidning frå Vetleflåten via vegen til gardstuna og grøft for kloakkleidning til vidare til sjøen. Nedgraving av naudsynt kum ved sjøen.
2. Utgraving av tomt til kårhus for bruk nr 1 og bygging av kårhus/bustadhus.
3. Fjerning av massar bak fjøs/låve på bruk nr 1 og planering av desse sørover på innmarka.
4. Utgraving av tomt til naust for bruk nr 1.
5. Utbetring av veg fram til sandtaket og avdekking av naudsynt mengde grus.
6. Kryssing av elva ved sandtaket og naudsynt utbetring av vegen til Ytreflåten. Fjerning av massar bak vårfjøsen og planering av desse mot elva for å hindre flaumvatn gjennom vårfjøsen.
7. Muring av kai der steinen blir henta frå anvist plass.
8. Bygging av toalett for ålmenta på Granden.

Arbeidet i følge pkt. 1-8 vil vera naudsynt for gjennomføring av dei planane som grunneigarane har for å kunne leve og bu i Finnabotnen. I sin heilskap vil desse tiltaka vera positive for skjøtselsarbeidet og utviklinga av Finnabotnen som friluftsområde.

Seinare er det gjeve løyve til følgjande arbeid:

- Ombygging av løa på bruk nr. 1 til overnattingsstad

Grunneigarane har dei siste åra gjort eit omfattande vedlikehalds- og oppussingsarbeid på bygningane. Dette gjeld m.a. løe og naust på bruk nr. 2, og hovudhus og stabbur på bruk nr. 1

5. Skjøtselsplan for delområda


Planområdet blir delt i fire deler som kan skjøttast kvar for seg. Dei enkelte områda inneheld ulike kulturtypar og vil til saman gi eit heilskapsbilete av garden og visa korleis dei ulike marktypene og terrengformene vart utnytta. Mellom delområda går det sti eller veg, og det er ynskjeleg at områda blir lett tilgjengelege for besøkande.



5.1. Dei ulike delområda

A. Finnabotnen

Dette er området mellom kaien, Botnaelva, Stilla og Storeflåten. Det viktigaste og mest konsentrerte området med vånings- og uthus for begge bruka, kai, naust og bru over Botnaelva. Innmarka er noko oppdelt og av varierende topografi. I samband med fast busetnad vil det i dette området - i tråd med verneforskrifta – kunne opnast for naudsynnte endringar i bygningsmasse og landskap.



Kaien er og vil vera sentral for all aktivitet i Finnabotnen. Her ligg naustet, og ein traktorveg går opp til gardstuna. Her ligg det og gamle steinmurar etter eit hus. Bruk nr. 1 har fått løyve til å føre opp eit naust, vest for det eksisterande naustet som tilhøyrer bruk nr. 2. Etter å ha fått løyve, vart det bygt ny kai hausten 2002. Den nye kaien vart delvis mura med stein som vart teken ut frå tilvist stad (der det ikkje gir særlege endringar i landskapet). Den ytste delen av kaien er bygt i tre (stolp). Tilskot frå det offentlege til kaien, som tilhøyrer både bruk, er gjeve under føresetnad av at kaien er tilgjengeleg for ålmenta. Kaien er stor nok til plassering av enkle benker og eit bord for besøkande.

Grunneigaren på bruk nr. 2 søkte i 2002 Vik kommune om (etter plan- og bygningslova) å frådele nausttomt og hyttetomt i dette området ved sjøen mellom kaia og elva. Dette vart sterkt frårådd av fylkesmannen. Vik kommune har seinare ikkje gjeve løyve til frådeling.

Tuna på dei to bruka inneheld kvar sitt våningshus og uthus med fjøs og låve. På bruk nr 1 er det òg stabbur. Frå gardstunet går det smale vegar vidare opp til Vetleflåten, over elva til Granden/Ytreflåten og bortover på innmarka. Rundt innmarka er det rydningsrøyser og delvis bakkemurar. Mot Botnaelva står murane etter det som var turka og ved naustet ein husmannsplass.

I samband med fast busetnad har fylkesmannen gjeve løyve til å byggje naudsynt kårhus og naust, nedgraving av vassleidning frå Vetleflåten og avløp/kum ved fjorden. I 2002 gav fylkesmannen løyve til ombygging av løla på bruk nr. 1 til overnattingsstad. Eventuell endring av bygningane bør skje mot vest og på oppsida av husa; minst synleg frå fjorden. Det kan takast ut naudsynt grus til støypearbeid i det gamle grustaket ved Botnaelva, med dei godkjende planane vert det omlag 70-80 m³ grus. Vegen fram til grustaket kan forbeholdast til naudsynt minimumstandard.

Bruk nr. 2 sette i 2003 i gong restaurering av løa på garden med ny kledning og nytt tak.



Bruk nr 1 (til venstre) og 2 med løe/fjøs og våningshus. Mellom husa på bruk nr 1 ligg stabburet som no blir restaurert. Det er gjeve løyve til bygging av kårhus og naust for bruk nr 1 (markert med blå linje) i samband med fast busetnad. Løa på bruk nr 1 kan utvidast på baksida i samband med ombygging til overnattingsstad. Kaien blir nybygd med steinmur og treverk. G syner kor grustaket ligg.

Mål:

Det bør vere opne marker med tydeleg skilje mellom dei ulike kulturmarkstypene. Urterik slåtteeng må skjøttast.

Tiltalende gardstun med bygningsmiljø skal takast vare på, men opning for løyve til endringar som knyter seg til det gamle bygningsmiljøet. Funksjonelt område for fast busetnad med utvikling av høvande næring. Terrenget og tekniske installasjonar (hus, vegar m.m.) skal ikkje endrast vesentleg bortsett frå bygging av kårhus, nytt naust, ombygging av løa på bruk nr 1, restaurering av løa på bruk nr. 2 og bygging av ny kai.

Tiltak:

- all innmark ryddast for skog/kratt og slåast minst to gonger om sommaren til grasveksten har stabilisert seg. Seinare slåast minst ein gong om sommaren på ei tid som gir frøing frå urteplanter. I restaureringstida skal gras/ris fjernast. Tre og busker som rekk inn over eller påverkar slåttemark fjernast.
- rydningsrøysane og bakkemurar haldast fri for vegetasjon og avfall etter slått/rydding
- eksisterande vegar haldast opne og brukande for naudsynt transport.
- bjørkeskogen opp mot Vetleflåten haldast open og fri for nyrenningar/ungskog, skal ha preg av beiteskog
- slåttemarka ovanfor husa haldast open heilt opp til granskogen og bort til Botnaelva.
- slåttemark kan om naudsynt og etter samråd med fagfolk pløyast opp til åker i område sikre mot erosjon.
- området mellom kaien og Botnaelva ryddast til open skog med ulike treslag
- hustufter ryddast og haldast vedlike som historiske innslag i landskapet
- husa haldast vedlike og endrast kun etter godkjende planar
- ny kai for å stetta krav til sikkerheit og funksjon (også tilreisande, er utført 2002)
- ta vare på bygningsmiljøet i Finnabotnen, men med høve til å endringar tilpassa nye driftsformer




*Murane etter
husmannsplassen
på Storeflåten*

B. Vetle- og Storeflåten

Dette er flate område som ligg høvesvis 50 og 100 meter over havet. Vetleflåten er rein slåttemark, medan Storeflåten er ein tidlegare husmannsplass. Murane etter denne står relativt bra i dag. Storeflåten er oppdelt i små teigar med jordfast stein og rydningsrøysar i mellom. Rundt om er det vaksen bjørkeskog. Særleg raun tek no til å veksa opp mellom bjørkene. Buførvegen til heimastølen går gjennom dette området.

Vegetasjonen på Vetleflåten er dels påverka av elva Stilla (frå Botnadalen), som renn forbi i øvste kanten og gir noko ekstra råme i jorda. Vassinntaket til husa i Finnabotn er her.

**Mål:**

Området skal vera ope med grasvegetasjon og bera preg av naturleg oppstykking i små teigar omkransa av vaksen, open skog. Murane etter husmannsplassen og dei store steinrøysene skal vera godt synlege og fri for dominerande vegetasjon som tre.. Skogen på fire teigar mellom Vetleflåten og Storeflåten (brukt til åker eller slått) bør fjernast så teigane får eit dekke av smågras og eventuelt urter.

Tiltak:


- rydda skog og kratt frå det som har vore overflatedyrka og evt. åkerteigar. Tre som veks innover slåttemark og stein-/rydningsrøysar fjernast.
- gangstien til heimastølen ryddast for skog og kratt/gras.
- husmannstuftene ryddast for skog og annan plantevegetasjon som slit på murane
- dei fire teigane mellom Vetle- og Storeflåten slåast kvart år (Ijå og motorslåmaskin), kombinert med beiting.
- rydningsrøysar og naturlege steinrøysar haldast fri for avslage gras og større vegetasjon
- den vaksne bjørkeskogen tynnast

C. Ytreflåten - Granden

Dette er felles nemning for alt området nord for Botnaelva og femner om Kvernhussteigen, Ytreflåten, Røytene, Nyastykkjet og Granden. Innanfor desse stykkja som dels heng naturleg ihop finn ein vårfjøsen (nord aust i området), bakkemurar, vegar, ein større hasselbestand og omlag 25 lauvingstre, for det meste alm. Heile delområde C er avgrensa mot utmarka av ein samanhengande steingarde frå sjøen og nesten fram til Botnaelva. Beitemarka og fleire slåttemarkar utanfor bøgarden (steingarden) er no tilgrodde med tett skog. Vårfjøsen treng ein redningsaksjon som både gjeld sjølve bygningen og flytting av massar bakom slik at ei flaumelv ikkje lenger renn vilt og inn i fjøsen.

Dette delområdet vil krevja tildels mykje restaureringsarbeid (og beiting), då skogen har vakse seg tett rundt og dels innpå stykkja. Haustingstrea har ikkje vore styvde på minst 40 år og er no utsette for rotvelt.


Området ved sjøen vest for elva vert tilrettelagt for overnatting i telt, inkludert gamaldass for båtfolk og andre (sjå kap. 6).



Mål:

Eit ope område som på ein enkel og tydeleg måte syner ulike element i kulturlandskapet. Området skal syna slåttemark med grasdekke, haustingstre i ulike fasar, steingjerde, hasselskog, vårfjøsen og vegar med bakkemurar. Området ned mot sjøen (Granden) eignar seg godt for telting og bør vera lett tilgjengeleg med god sti hit.

Granden innbyr til overnatting i telt; kort avstand til elv, sjø og fjell. Den planlagde utedoen kjem i høgre bildekant, inne i skogen. Området er med godt resultat restaurert sommaren 2002.



Vårffjøsen i kombinasjon med dei mange store styvingstrea, den urterike slåtteenga og dei høge fjella ikring gir eit variert landskapsbilete vi seint gløymer.



Ytreflåten ligg i sørhellinga, omkransa av varmekjære treslag. Slåtteenga har fleire rydningsrøyser som vil bli synlege etter restaureringslåt.

Tiltak:


- rydda skog frå vegane; frå brua bort til Granden og oppover langs elva til Kvernhusteigen
- rydda skog frå Granden, der det kan stå att enkelte dekorative tre
- rydda skog frå hasselteigen, i reina under Storeflåten
- rydda skog vekk frå styvingstrea, frå Granden opp til vårfjøsen og vidare bort til Kvernhusteigen
- i samråd med fagfolk restaurera styvingstrea for å få dei inn att i vanleg produksjon. Når restaureringa er ferdig vil det vera høveleg å styva omlag fem av desse kvart år
- etablere nye styvingstre i tilsvarande treslag og plassering
- slå graset på markene minst kvart tredje år, på Granden noko oftare
- etter dispensasjon frå verneforskrifta bruka gravemaskin for å fjerna steinmassar rundt vårfjøsen og på ein naturleg måte bruka desse som forbygging mot elva (aust i området)
- setja vårfjøsen i slik stand at forfallet stoggar
- enkelt vedlikehald av bø-garden

D. Heimastølen

Dette området er ein viktig del av heilskapen i kulturlandskapet i Finnabotnen. Fjellstølen Fagerdalen høyrer og eigentleg med til området, men er ikkje med i planen utover det at stien til Fagerdalen er rydda og varda.

Heimastølen var i bruk tidleg og seint på sommaren og var ein viktig del av beitemarka og produksjonsgrunnlaget på garden. Denne stølen ligg dramatisk til mellom dei steile fjellsidene ved inngangen til Botnadalen. Stien frå gardstunet, via Vetleflåten og Storeflåten er lett å gå med ei stigning på 160m. Selet på stølen (tilhøyrer bruk nr. 1) er i dårleg stand og må snarast få eit vist minimum av vedlikehald for ikkje å ramla ihop.

Frå kanten av delområde C mot sør er det god utsikt over Finnabotnen (fjorden).



*Selet på Heima-
stølen er i original
stand, men treng
omfattande
restaurering.*



*Heimastølen er eit
svært vakkert
område. Det ligg på
160 m.o.h. og er lett
å nå til fots. Frå
kanten får ein fin
utsikt mot fjorden
(sjå s. 24).*

Mål:

Eit ope stølsområde med selbø og sel, avgrensa med steingard mot nord og mot elva. Rydda sti frå gardstunet til stølen. God tilgjenge til utsiktspunkt.

Tiltak:

- restaurering av selet; "fyrstehjelp" eller meir omfattande
- rydda skog vekk frå selbøen og steingardane rundt denne
- rydda stølsvegen frå Storeflåten, evt. med grind i steingarden
- slå selbøen minst kvart tredje år (kombinert med beiting)
- gjera murane frå tidlegare sel synlege
- enkel varding/merking til utsiktspunkt

E. Andre område

Granskogen ovanfor husa kan fritt snauhoggast. Det kan her ikkje plantast barskog for ettertida, jf. verneforskrifta.

Slik som drifta er i Finnabotnen, er det naturleg at alt nyttbart virke frå den planta granskogen blir saga til material for vedlikehald og evt. nybygg. Framdrifta av hogsten vil fylgja trongen for material eller tid til rådvelde. Dette arbeidet blir difor ikkje teke med i framdriftsplanen. Korleis området skal brukast og stellast i ettertid er dels avhengig av jordtilhøva.

Det andre granfeltet, som ligg i Haugen, kan òg fylgja same opplegget. Då tilkomsten her er vanskeleg, må dette planleggjast når det er aktuelt med hogst for å unngå andre og nye inngrep så langt som mogleg.

Hausten 2002 gav fylkesmannen løyve til å ta ut grus til eigen bruk ut i det gamle grustaket ovanfor husa på bruk 2, m.a. i samband med byggjarbeid i Finnabotnen. Grusuttak må likevel ikkje verte så omfattande at det får konsekvensar for området sin karakter. Vegen fram til grustaket kan og utbetrast til naudsynt minimumstandard.



Mellom dei høge trea finn ein teigar som var brukt til slått eller åker. Rydningsrøysane og murane gir eit bilete av arbeidet bak ein slik teig. Denne høyrer til Storeflåten.

5.2 Rettleiande arbeidsplan/tidsplan for skjøtselsarbeidet

Område	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
A Finnabotnen										
• slåttemark	RE	RE	RE	E	E	E	E	E	E	E
• skog ved naustet	RS		RS		RS		RS		RS	
• skog mot Granden	RS	RS		RS		RS		RS		RS
• beiteskog mot V.flåten		RS		RS			RS			RS
• skog rundt slåttemark		S	S		S		S		S	
• bygningar	B	B	B	B	B	B	B	B	B	B
B Vetle- og Storeflåten										
• slåttemark V. og S.flåten		RE		RE		RE	S		S	
• fire småteigar	RE	S	S	S	S	S	S	S	S	S
• skog rundt slåttemark			S		S			S		
• skog ved tufter/rydn.røyser	S			S						
• vaksen bjørkeskog			RS		RS			RS		
C Ytreflåten - Granden										
• vårfjøsen	B		B		B					
• slåttemark Y.flåten		RE	RE			RE			RE	
• slåttemark Granden	RE	RE		RE		RE		RE		RE
• annan slåttemark			RE		RE			RE		
• skog på Granden	RS	RS			RS		RS		RS	
• skog i Røytene/Nyastykkjet		S	S		S					
• skog i/ved hasselskogen			RS			RS			RS	
• skog rundt Y.flåten				S			S			
• bø-garden / bakkemurar				M			M		M	
• skog rundt styvingstrea	S	S	S							
• styvingstrea	RN	RN	RN	RN	RN	N	N	N	N	N
D Heimastølen										
• selbø	RE		RE			RE			RE	
• sti fram til stølen		S		S		S		S		S
• sel		B	B							
• murar rundt selbø				M	M					

E = slått med ljå eller motorslåmaskin, gras fjernast etter behov

RE = restaurerings slått; evt. med slåtteaggregat (fjerner grov vegetasjon)

N = naving/styving av haustingstre

RN = restaurering av haustingstre

S = fjerna skog, snauhogst

RS = fjerna skog, men enkelte tre eller tregrupper står att der det er naturleg

M = rydding og vedlikehald av murar (bakkemur eller steingarde)


B = vedlikehald av bygningar

6. Tilrettelegging for besøkende/enkel turisme

Finnabotnen har dei siste 20 - 30 åra utvikla seg til eit populært reisemål for småbåtar. Særleg i helgane om sommaren kan det vera mange båtar på fjorden. Overnatting i båten er praktisk, då fjorden som regel er heilt stille. Teltning er lettvinnt då mykje av markene er flate og ligg fint til. Nokre mindre turistbåtar brukar Finnabotnen til dagsbesøk. Finnabotnen har totalt sett stor verdi for friluftsliv og rekreasjon. Saman med nabogarden Finnen er området Finnafjorden attraktivt for tilreisande. Dette vil vere viktig god styring med utviklinga.

Enkel turisme er ynskjeleg både frå grunneigarane og forvaltningsstyresmakta si side. Dette kan fungera fint for alle besøkande og grunneigarane dersom det blir lagt til rette for toalettbesøk og med informasjon. Den nye kaien og merking av nokre turstiar, m.a. stien til Finnen (rydda i 2001) vil gjera eit besøk til Finnabotnen meir attraktivt for m.a. båtturistar. Stien til Heimastølen er merkt saman med rundturen nord og aust for Botnaelvi tilbake, med bru over elva.

Ved å følgje den varda/merkte stien frå Finnabotnen opp i Fagerdalen, kan ein gå vidare og kome inn på Bergen Turlag sitt rutenett i Stølsheimen.



*Oversiktsbilete over
Finnabotnen som viser stien
til fjellstølen Fagerdalen
innteikna*



*Finnabotnen sett frå Nonnipi i
1988 (Foto Tom Dybwad)*

Bruk nr. 1 ønskjer å utvikle Finnabotnen også som overnattingstad. Fylkesmannen har gjeve løyve til ombygging av og utviding i bakkant av den gamle løa til bruk nr. 1 slik at den kan nyttast til overnatting, med ialt 20 sengeplassar, pluss 4 i stabburet. Det er og behov for høve til å ha servering ute når det er godver. Bakgrunnen er behovet for inntekter på bruket. Løa var i så dårleg stand at ho uansett måtte byggjast oppatt frå grunnen av.

Bruk nr. 1 samarbeider med Finnen om overnatting.

Innenfor dei rammene som bygningsmiljøet i Finnabotnen gjev, meiner fylkesmannen det vil vere positivt med turisme i området. Det er viktig at dei ulike formene for turisme (telting, fottura, båtfolk og overnattingsgjestar på garden) ikkje kjem i konflikt med kvarandre, noko tilrettelegging og kanalisering av ferdsla må leggje opp til.

Granden og ein utedo her vil vere viktig for dei som ønskjer å overnatte i telt, noko som særleg vil vere aktuelt for fotturistar og dermed for utviklinga av friluftsliv i området.

Tiltak:

- laga enkle benker og bord på kaien (1) i samband med informasjonstavle og kart
- byggja enkelt utedo noko inn i skogen på Granden, ved X, ikkje for nær elva
- halda heile eller deler av Granden (2) brukande som teltplass
- leggja til rette for kulturløyper rundt i kulturlandskapet, t.d. via Vetle- og Storeflåten til heimastølen/utsiktspunkt (3) eller over elva til Ytreflåten og vårfjøsen m.m. (4)
- enkel skilting til stølsvegen mot Fagerdalen (5) og gangstien til Finnen (6)
- eventuelt byggja bru over Botnaelvi ved Heimestølen for å lettare gi høve til rundtur i området



Skilt ved kaia om landskapsvernområdet i 2002. (Foto: Tom Dybwad)

7. Økonomiske verkemiddel

Aktuelle tilskotsordningar:

- Forvaltningsmidlar frå fylkesmannen sitt budsjett for Stølsheimen (totalt 10 - 20 000 pr år)
- STILK-midlar (spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) blir forvalta av fylkesmannen. Totalt til disposisjon i Sogn og Fjordane: kr 9 mill i 2003. Prioriterer tiltak i verneområde. 5-års avtalar kan inngåast. Frå 2004 blir forvaltninga av ordninga overført til kommunane, som og får fullmakt til å fordele tilskotsmidlar.
- Spelemidlar. Tiltaka må vere i prioritert i vedteken kommuneplan.
- Friluftslivmidlar. Fylkesmannen har dei siste åra disponert kr 280.000 til bruk i heile fylket. Går til friluftslivtiltak, verneområde kan bli prioritert.

Framdrifta og prioriteringa av skjøtselstiltak vil også vere avhengig bruken av tilskotsordningar.

8. Litteraturliste

Alm, Austad, Elven, Fremstad, Hauge, Kaland, Kielland-Lund, Kvamme, Losvik, Moen, Norderhaug, Rooth, Skogen: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker

Bygdabok for Vik i Sogn - band III-1

Direktoratet for naturforvaltning: Forvaltning av nasjonalparker. DN-rapport 1996 - 3

Fylkeskonservatoren i Hordaland: Stølar i Stølsheimen, registreringsrapport nr 5 (1979)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Enkel skjøtselsplan for Styvi - Holmo landskapsvernområde, rapport nr 4 - 1994

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Forvaltningsplan for Flostranda naturreservat, rapport nr 2 - 1999

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr 3 - 1998

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Skjøtsel i heimre Utladalen, rapport nr 5 - 1998

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark, rapport nr. 1 - 2001

Heiberg, Eli: Planlegging i kulturlandskapet -når bruk og vern skal kombinerast

Hauge Leif, Sogn og Fjordane distriktshøgskule: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Vik kommune

Lid & Lid: Norsk flora, 6. utgåve

Ådland, Austad og Indrelid: Det vestnorske kulturlandskapet

Vedlegg 1:

Avgrensa artsliste for Ytreflåten, Vetleflåten og Storeflåten
av Kerstin Potthoff og Sebastian Eiter, august 2001

Storeflåten

latinsk namn	norsk namn	veksestad (etter Lid,1994)
<i>Agrostis capillaris</i>	engkvein	skrinne enger, beite, open skog og vegkantar
<i>Alchemilla vulgaris</i> agg.	marikåpe	
<i>Anthoxanthum odoratum</i>	gulaks	slåtte- og beiteenger, beita skog og lyngheiar
<i>Athyrium filix-femina</i>	skogburkne	skog og kratt, litt næringskrevjande
<i>Campanula rotundifolia</i>	blåklokke	enger og tørrbakkar, open skog, berg, heiar langsmed kysten og rabbar i fjellet
<i>Carex pallescens</i>	bleikstorr	frodig skog, skogkantar og beite, stundom i urer og berg
<i>Deschampsia cespitosa</i>	sølvbunke	enger, beite, open skog og sumpskog, vasskantar og vegkantar, mest på fuktig og næringsfattig grunn
<i>Deschampsia flexuosa</i> (mye)	smyle	skogar, tørre enger, beite og heiar, mest på næringsfattig grunn
<i>Galium palustre</i>	myrmaure	vasskanter, våte myrar, sumpskog og våte brakkvass-strender
<i>Holcus lanatus</i>	englodnegras	enger og lyngheiar, fuktige strandenger
<i>Hypericum maculatum</i>	firkantperikum	enger, tørrbakkar og skogkantar, ofte på skrinn jord
<i>Knautia arvensis</i>	raudknapp	tørre enger, tørrbakkar og vegkantar
<i>Molinia caerulea</i>	blåtopp	fuktheiar og fuktige kystskogar, fuktige enger, myrar, vasskantar og våte berghamrar
<i>Potentilla erecta</i>	tepperot	enger, skog, myr og hei, lite næringskrevjande i sør, meir kravfull lengst nord
<i>Rubus idaeus</i>	bringebær	litt næringsrik lauvskog, skogkantar, kratt, vegkantar og atlagde enger
<i>Rumex acetosa</i>	engsyre	enger, beite og vegkantar, litt næringskrevjande
<i>Rumex acetosella</i>	småsyre	på open jord, berg og som ugras i eng, beite, plenar og langsmed vegar og stigar, basefattig grunn
<i>Stellaria graminea</i>	grasstjerneblom	eng, beite, skogkantar, skrotemark, ofte næringsfattig
<i>Trientalis europaea</i>	skogstjerne	skog og hei, ikkje næringskrevjande
<i>Vaccinium myrtillus</i>	blåbær	lyngskog, myrar og heiar, lesider i fjellet
<i>Verbascum nigrum</i>	mørkkongslis	tørrbakkar, skogkantar og vegkantar, mest på næringsrik grunn

Ytreflåten

<i>Achillea millefolium</i>	ryllik	tørrenger, tørrbakkar, beite og open skog
<i>Agrostis capillaris</i>	engkvein	skrinne enger, beite, open skog og vegkantar
<i>Campanula rotundifolia</i>	blåklokke	enger og tørrbakkar, open skog, berg, heiar langsmed kysten og rabbar i fjellet
<i>Carex pallescens</i>	bleikstorr	frodig skog, skogkantar og beite, stundom i urer og berg
<i>Deschampsia cespitosa</i>	sølvbunke	enger, beite, open skog og sumpskog, vasskantar og vegkantar, mest på fuktig og næringsfattig grunn
<i>Dryopteris filix-mas</i>	ormetelg	skog og skogkantar, ur, heiar
<i>Elymus caninus</i>	hundekveke	lauv- og barskogar, urer og vegkantar, stundom på tangvollar, mest på nærings- og/eller baserik grunn
<i>Equisetum arvense</i>	åkersnelle	leirete enger, vegkantar, vasskantar, beite og skog
<i>Filipendula ulmaria</i>	mjødurt	fuktige enger, sumpar, sumpskog og vasskantar
<i>Fragaria vesca</i>	markjordbær	enger, tørrbakkar og lågurtskog, mest noko næringsrikt
<i>Galeopsis spec.</i>	då	
<i>Geranium sylvaticum</i>	skogstorkenebb	skog, enger, litt næringskrevjande
<i>Hypericum maculatum</i>	firkantperikum	enger, tørrbakkar og skogkantar, ofte på skrin jord
<i>Knautia arvensis</i>	raudknapp	tørre enger, tørrbakkar og vegkantar
<i>Lathyrus pratensis</i>	gulskolm	eng, vegkantar og skogkantar
<i>Phleum pratense</i>	timotei	vanleg fôrgras, forvilla på dyrka mark og vegkantar
<i>Plantago lanceolata</i>	smalkjempe	beite- og slåtteenger, heiar langsmed kysten
<i>Poa pratensis</i>	engrapp	fôrgras, truleg berre innført, men forvilla i kunsteng, på vegkantar og skrotemark og stundom naturalisert i beite
<i>Potentilla erecta</i>	tepperot	enger, skog, myr og hei, lite næringskrevjande i sør, meir kravfull lengst nord
<i>Ranunculus repens</i>	krypsoleie	heimleg i sumpar, sumpskog og på vasskantar; ugras på fuktig eng, vegkantar og skrotemark
<i>Rubus idaeus</i>	bringebær	litt næringsrik lauvskog, skogkantar, kratt, vegkantar og atlagde enger
<i>Rumex acetosa</i>	engsyre	enger, beite og vegkantar, litt næringskrevjande
<i>Silene vulgaris</i>	engsmelle	ugras i enger og langsmed vegar
<i>Stachys sylvatica</i>	skogsvinerot	lauvskog på god moldjord og i urer opp til skoggrensa, stundom som ugras
<i>Stellaria graminea</i>	grasstjerneblom	eng, beite, skogkantar, skrotemark, ofte næringsfattig
<i>Stellaria nemorum</i>	skogstjerneblom	fuktig, næringsrik skog, kjelder og fuktig beitemark
<i>Valeriana sambucifolia</i>	vendelrot	fuktige skogar, sumpar, myrkantar, fuktige enger og vasskantar
<i>Verbascum nigrum</i>	mørkkongslis	tørrbakkar, skogkantar og vegkantar, mest på næringsrik grunn
<i>Veronica chamaedrys</i>	tviskjeggveronika	beitemark, skogkantar og lågurtskogar
<i>Vicia cracca</i>	fuglevikke	enger, open skog og skogkantar, heiar, strand, vegkantar og skrotemark
<i>Vicia sylvatica</i>	skogvikke	skog, skogkantar og urer, mest på næringsrik grunn

Vetleflåten

<i>Achillea millefolium</i>	ryllik	tørrenger, tørrbakkar, beite og open skog
<i>Agrostis capillaris</i>	engkvein	skrinne enger, beite, open skog og vegkantar
<i>Alchemilla vulgaris</i> agg.	marikåpe	
<i>Anthoxanthum odoratum</i>	gulaks	slåtte- og beiteenger, beita skog og lyngheiar
<i>Campanula rotundifolia</i>	blåklukke	enger og tørrbakkar, open skog, berg, heiar langsmed kysten og rabbar i fjellet
<i>Deschampsia cespitosa</i>	sølvbunke	enger, beite, open skog og sumpskog, vasskantar og vegkantar, mest på fuktig og næringsfattig grunn
<i>Deschampsia flexuosa</i>	smyle	skogar, tørre enger, beite og heiar, mest på næringsfattig grunn
<i>Galium palustre</i>	myrmaure	vasskanter, våte myrar, sumpskog og våte brakkvass-strender
<i>Geranium sylvaticum</i>	skogstorkenebb	skog, enger, litt næringskrevjande
<i>Holcus lanatus</i>	englodnegras	enger og lyngheiar, fuktige strandenger
<i>Holcus mollis</i>	krattlodnegras	lauvskog og kratt, brakklagd eng
<i>Hypericum maculatum</i>	firkantperikum	enger, tørrbakkar og skogkantar, ofte på skrinn jord
<i>Juniperus communis</i>	einer	tørr skog, hei, beitemark, lite næringskrevjande
<i>Knautia arvensis</i>	raudknapp	tørre enger, tørrbakkar og vegkantar
<i>Oxalis acetosella</i>	gaukesyre	bar- og lauvskog, ikkje særleg næringskrevjande
<i>Plantago lanceolata</i>	smalkjempe	beite- og slåtteenger, heiar langsmed kysten
<i>Potentilla erecta</i>	tepperot	enger, skog, myr og hei, lite næringskrevjande i sør, meir kravfull lengst nord
<i>Prunella vulgaris</i>	blåkoll	mosegrodd eng, beitemark, plenar, åkarkantar og vegkantar
<i>Ranunculus repens</i>	krypsoleie	heimleg i sumpar, sumpskog og på vasskantar; ugras på fuktig eng, vegkantar og skrotemark
<i>Rubus idaeus</i>	bringebar	litt næringsrik lauvskog, skogkantar, kratt, vegkantar og atlagde enger
<i>Rumex acetosa</i>	engsyre	enger, beite og vegkantar, litt næringskrevjande
<i>Solidago virgaurea</i>	gullris	tørre enger, skogkantar og open skog, heiar og tidlege snøleie, lite næringskrevjande
<i>Sorbus aucuparia</i>	rogn	skog og skogkantar
<i>Stellaria graminea</i>	grasstjerneblom	eng, beite, skogkantar, skrotemark, ofte næringsfattig
<i>Trientalis europaea</i>	skogstjerne	skog og hei, ikkje næringskrevjande
<i>Valeriana sambucifolia</i>	vendelrot	fuktige skogar, sumpar, myrkantar, fuktige enger og vasskantar
<i>Veronica chamaedrys</i>	tviskjeggveronika	beitemark, skogkantar og lågurtskogar
<i>Veronica serpyllifolia</i>	snauveronika	fuktig eng, sumpskog, vasskantar, vegkantar og skrotemark

Vedlegg 2:

Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde

Kronprinsregenten sin resolusjon av 21.desember 1990 om oppretting av Stølsheimen landskapsvernområde i Vik og Høyanger kommunar i Sogn og Fjordane fylke og i Modalen, Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland fylke.

I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr 63, §5, jf. §6 og §§21, 22 og 23, er eit område i Stølsheimen i Høyanger og Vik kommunar i Sogn og Fjordane fylke og i Modalen, Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland fylke ved kronprinsregenten sin resolusjon av 21.desember 1990 verna som landskapsvernområde under namnet «Stølsheimen landskapsvernområde».

II

Landskapsvernområdet er omlag 367 km² stort og omfattar heile eller deler av gnr./bnr.:

Sogn og Fjordane

Høyanger kommune: 1/1, 1/2, 2/1, 2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/7, 3/1, 3/2, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 4/6, 4/8, 4/9, 5/1, 5/2, 6/1, 6/2, 115/1, 115/2.

Vik kommune: 56/1, 56/2, 56/3, 56/11, 56/12, 56/13, 57/1, 58/1, 58/2, 58/4, 58/6, 59/5, 60/1, 60/2, 60/3, 60/4, 60/5, 60/6, 60/8, 60/12, 60/13, 60/14, 60/15, 60/16, 60/17, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/1, 62/2, 62/3, 62/4, 63/2, 63/3, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/8, 64/10, 64/12, 64/13, 64/24, 65/1, 65/2, 65/3, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 67/2, 68/1, 68/2, 68/3, 68/4, 68/6, 68/7, 68/8, 68/9, 68/10, 69/1, 69/2, 70/1, 71/1, 71/2, 71/3, 72/1, 72/2, 72/3, 73/1, 73/2, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3.

Hordaland

Modalen kommune: 84/2, 84/3, 84/5, 84/12, 85/1, 85/2, 85/3, 85/4, 85/16, 85/17, 85/22.

Vaksdal kommune: 67/1, 67/2, 67/3, 69/1, 69/2, 69/3, 69/4, 69/5, 69/7, 69/9.

Voss kommune: 59/1, 271/1, 271/2, 271/3, 271/4, 272/1, 272/2, 272/3, 272/4, 272/5, 272/6, 272/7, 272/8, 273/1, 273/2, 274/1, 274/2, 274/3, 274/4, 274/5, 274/6, 275/1, 275/2, 275/3, 275/4, 275/5, 276/1, 276/8, 277/1, 277/2, 277/3, 277/4, 277/7, 277/8, 277/10, 277/15, 278/1, 278/2, 278/3, 279/1, 279/2, 279/3, 279/4, 279/5, 279/6, 280/1, 280/2, 280/3, 280/9, 282/1, 282/2, 282/3, 282/4, 282/6, 282/8, 283/1, 283/2, 283/3, 283/4, 283/8, 284/1, 284/2, 284/3, 284/4, 284/5, 285/1, 285/3, 285/4, 285/5, 312/1.

Grensene for landskapsvernområdet går fram av kart (målestokk 1:50 000), datert Miljøverndepartementet desember 1990.

Kartet og forskriftene for området er arkiverte i Høyanger, Vik, Modalen, Vaksdal og Voss kommunar, hos fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, hos Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka, og knekkpunkt i grenselina skal koordinatfestast.

III

Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar m.v. Opplistinga er ikkje uttømmende.
2. Oppdyrking eller endring i den naturlege samansetnaden av treslag ved skogkultur er forbode. Snauhogst er berre tillate i samråd med forvaltningsstyresmakta og dersom kvar hogstflate er mindre enn 5 da. Ny skog skal kome naturleg, men furu kan plantast der den er det naturlege treslaget.
3. Særmerkte og dekorative tre skal ikkje fellast, heller ikkje daude tre som er med på å prega landskapet.
4. Motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode.

Unntak frå desse reglane er oppført i pkt. V og VI.

V

Reglane i pkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd, og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningssamanheng.
2. Motorferdsle i samband med naudsynt transport i jord- og skogbruksverksemd.
3. Bruk av motorbåt på Finnafjorden.
4. Bruk av helikopter til vedlikehald av Televerkets reflektorpunkt på Rotteskardet.
5. Naudsynt transport til turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre.
6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.
7. Utmarksbeite.
8. Gjødsling og manuell rydding av stølsbøar.
9. Bærplukking og soppstaking.
10. Bruk av nedfalle virke og tørre eller friske kvistar til bål på staden. Tørre tre på rot må ikkje fellast.
11. Forsvarleg nedgraving/brenning av avfall ved dei faste overnattingsplassane.

12. Underjordisk prøvedrift etter talk i medhald av konsesjon gjeve av Landbruksdepartementet 29.oktober 1985. Bygging av veg frå Kvilesteinsvatnet til Raudbergdalen og bygging av oppstillingsplass utanfor tunnelopninga i samband med prøvedrifta. Arbeidet skal planleggjast og utøvast i samråd med fovaltningstyresmakta.
13. Underjordisk bergverksdrift frå tunnelopning utanfor verneområdet i samband med uttak av talk. Luftekanalar og eventuelt andre synlege inngrep innanfor landskapsvernområdet skal utformast i samråd med forvaltningstyresmakta.
14. Gjennomføring av dei to kategori I-prosjekta i Samla plan som gjeld overføring frå øvre del av Tuledalen til Åsebotn kraftverk i Modalsvassdraget og bekkeinntak i Stordalen (alt. V2 i Ortnevikvassdraget) i samband med utbygging av Østerbø/Mjølsvik i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

VI

Forvaltningstyresmakta, eller den forvaltningstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærare vilkår gje løyve til:

1. Endring av driftsformer i landbruket som kan få vesentleg innverknad på landskapet sin art eller karakter, slik som nydyrking og oppføring av nye stølsanlegg m.v.
2. Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden.
3. Restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren.
4. Oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter for allmenn bruk.
5. Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar m.v.
6. Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar ligg føre.
7. Enkle anlegg på overflata i samband med underjordisk prøvedrift etter talk, sjå pkt. V nr 13.
8. Opparbeiding av veg langs Sognefjorden og over Finnafjorden i samband med eit eventuelt vegprosjekt Arnafjord - Ortnevik.

VII

Forvaltningstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane for vitskapelege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremål med vernet.

VIII

Forvaltningstyresmakta, eller den forvaltningstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk slik skjøtsel som trengst for å oppfylle føremålet med vernet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan for landskapsvernområdet med retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

IX

Forvaltninga av forskriftene blir lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane og fylkesmannen i Hordaland, kvar innanfor sitt fylke.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Aktuelle rapportar i denne serie:

- Nr 1 - 1991 Forseringsstatus og kalkingsplan for Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-01-0
- Nr 2 - 1991 Verneplan for sjøfugl. Delplan 5: Sogn og Fjordane 1991. ISBN 82-91031-02-9
- Nr 3 - 1991 Furunkuloseutbrot i Eidselva, Eid kommune i Sogn og Fjordane hausten 1990. ISBN 82-91031-03-7
- Nr 4 - 1991 Verneverdiar i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden med særleg vekt på Styvi - Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-04-5
- Nr 5 - 1991 Villaksseminaret, Lærdal 31. mai - 1. juni 1991. Kompendium. ISBN 82-91031-05-3
- Nr 6 - 1991 Inventering av eikeskog i Oselvassdraget og Norddalsfjorden, Flora og Gloppen kommunar. ISBN 82-91031-06-1
-
- Nr 1 - 1992 Elvefangst av laks i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-08-8
- Nr 2 - 1992 Miljøstatus 1991 Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-09-6
- Nr 3 - 1992 Årsmelding 1991. ISBN 82-91031-11-8
- Nr 4 - 1992 Storevatnet på Steinsundøyna, Solund kommune. Fiskeribiologiske granskningar. ISBN 82-91031-12-6
- Nr 5 - 1992 Vassdrag og naturvernområde i Sogn og Fjordane - kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-13-4
- Nr 6 - 1992 Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (framlegg). ISBN 82-91031-14-2
-
- Nr 1 - 1993 Villaksseminar i Lærdal 1993. ISBN 82-91031-16-9
- Nr 2 - 1993 Resipientgranskning i Sogndalselva, Sogndal kommune - 1988-89. ISBN 82-91031-17-7
- Nr 3 - 1993 Framlegg til kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-18-5
-
- Nr 1 - 1994 Miljøstatus for Sogn og Fjordane 1992-93 - med langtidsperspektiv. ISBN 82-91031-15-0.
- Nr 2 - 1994 Miljø-sysselsettingsprosjekt i Sogn og Fjordane i 1993. ISBN 82-91031-19-3
- Nr 3 - 1994 Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. ISBN 82-91031-20-7
- Nr 4 - 1994 Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-21-5
- Nr 5 - 1994 Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991-93. ISBN 82-91031-22-3
- Nr 6 - 1994 Plan for minstekrav til reinsing - Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-23-1
-
- Nr 1 - 1995 Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-25-8
- Nr 2 - 1995 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. Fagrapport 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 3 - 1995 Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i Sogn og Fjordane. i 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 4 - 1995 Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-27-4
-
- Nr 1 - 1996 Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gaular - dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2
- Nr 2 - 1996 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-29-0
- Nr 3 - 1996 Prøvefiske i 21 vatn i Ytre Sogn og Sunnfjord. ISBN 82-91031-30-4
-
- Nr 1 - 1997 Europark 96 - Glenveigh National Park - Irland
- Nr 2 - 1997 Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. ISBN 82-91031-32-0
- Nr 3 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-33-9
- Nr 4 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-34-7
-
- Nr 1 - 1998 Fiskeressursar i regulerte vassdrag, sluttrapport. ISBN 82-91031-35-5
- Nr 2 - 1998 Forvaltning av nasjonalparker i USA. ISBN 82-91031-36-3
- Nr 3 - 1998 Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-37-7
- Nr 4 - 1998 Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsområde. ISBN 82-91031-39-8
- Nr 5 - 1998 Skjøtsel i heimre Utladalen - Samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, Tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-40-1
- Nr 6 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998. ISBN 82-91031-43-6
- Nr 7 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998 Opplegg og idear i skulen. ISBN 82-91031-43-6
-
- Nr 1 - 1999 Europeisk nasjonalparksamarbeid - Norges nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv. ISBN 82-91031-44-4
- Nr 2 - 1999 Forvaltningsplan for Flostranda naturreservat. ISBN 82-91031-45-2
-
- Nr 1 - 2000 Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-46-0
- Nr 2 - 2000 Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-47-9
- Nr 3 - 2000 Hjorteforvaltning 2000 - Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-48-7
- Nr 4 - 2000 Nasjonalparker og næring hand i hand? ISBN 82-91031-49-5
- Nr 5 - 2000 Naturbruksprosjektet. ISBN 82-91031-50-9
- Nr 6 - 2000 Landbruksbygder i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-51-7
-
- Nr 1 - 2001 Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen Nasjonalpark. ISBN 82-91031-52-5
- Nr 2 - 2001 Nasjonalparker og andre naturvernområde i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-82-7
- Nr 3 - 2001 Storsopper i kommunene Leikanger, Luster og Sogndal registrert under XV Nordiske. Mykologiske kongress Sogndal 7. - 12. september. ISBN 82-91031-83-5
- Nr 4 - 2001 Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-84-3
-
- Nr 1 - 2002 Prøvefiske i samband med planlagt vassdragsregulering i Kløvtveitvassdraget og deler av Yndesdalsvassdraget i Sogn og Fjordane fylke. ISBN 82-91031-85-1.
- Nr 2 - 2002 Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane. ISBN-82-91031-53-3
- Nr 3 - 2002 Status for eit utval artsrike enger i Sogn. ISBN-82-91031-54-1
- Nr 4 - 2002 Handlingsplan for eldreomsorga i Sogn og Fjordane, 1998 - 2001. ISBN-82-91031-56-8
- Nr 5 - 2002 Prøvefiske i 28 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-57-6
- Nr 6 - 2002 Ungfiskregistreringar i 10 regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-58-4
-
- Nr 1 - 2003 Naturfaglege registreringar innanfor planlagde Ålfotbreen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-59-2
- Nr 2 - 2003 Strandsonerettleiar. Strandsona - ein felles ressurs! ISBN 82-91031-60-6
- Nr 3 - 2003 Framlegg til Bleia naturreservat. Bleia-Storebotn landskapsvernområde. ISBN 82-91031-61-4
- Nr 4 - 2003 Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheim landskapsvernområde. ISBN 82-91031-62-2

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 4 – 2003 ISBN 82-91031-62-2 ISSN 0803-1886

